

## Referat frå styremøte i Herand Bygdelag 13.02.2024

Til stades: Ole Gisle Vassel, Angunn Handegard Trå, Thorleif Gjernes, Guri Bugge, Veslemøy Mjelde, Ingrid Stranden Haavik og Kaia Gulbrandsen

Forfall: Jon-Harald Huus

Referent: Kaia

Før oppstart av styremøte:

Valnemnda i bygdelaget var invitert til drøftingar med styret i samband med nemnda sitt arbeid fram mot årsmøtet. Sigmund Eiken og Reidun Haugen Dalseth møtte.

**Sak 2024/07: Godkjenning av innkalling og dagsorden.** Godkjent

**Sak 2024/08: Godkjenning av referat frå styremøte 09.01.2024.** Godkjent

**Sak 2024/09: Eigedomar:**

- Ryddedugnad på kontoret. Vert etter basar.

**Sak 2024/10: Tilstellingar:**

- Seniormiddag på kulturhuset i samarbeid med Jondal Frivilligsentral 14. februar kl 14.00. 71 påmelde. Fordeling av arbeidsoppgåver.
- Bygdelagsbasaren 24.02.2024 kl 16.00. Planlegge loddosal og andre førebuingar fram mot basaren. Styret møter 14.30. *Alle velkomne!*
- Årsmøte i bygdelaget 07.04.24. Rekneskap er levert til revisor av kasserer. Skrivar skal skrive årsmelding til framlegg for styret til neste styremøte. Offentleggjere tidspunkt og saksliste for møtet ved oppslag og på FB. Valnemnda er i eige skriv orientert om kven som er på val.

**Sak 2024/11: Økonomi:**

- Budsjett 2024, leggst fram på neste møte. Styret diskuterte prosjekt for 2024.

**Sak 2024/12: Søknad om økonomisk støtte:**

- Herand bygdelag har motteke søknad frå Hardangertrappa (v/Herand idrettslag og prosjektgruppa) om økonomisk støtte på kr 200.00 til finansiering av fase 2 av prosjektet «Utbetring av stien til Samlen». HB støtta prosjektet i 2023 med kr 50.000, styresak 2022/51. Styret avslår einstemmig ny søknad om økonomisk støtte. Bygdelaget kan bidra med rettleiing/praktisk hjelp etter avtale.

**Sak 2024/06: Andre saker/eventuelt:**

- Kulturstien, rydding etter rotvelter o.a. Me vil prøve å få dette gjort like over påske. Me må finne folk som kan handtere jobben forsvarleg.
- Leige geiter i kulturstien som i 2022 og 2023; etter dialog med Sollesnes Dyr og Maskin er det litt usikkert om dei har geiter klar til om lag 1.mai. Styret følger opp saka.
- Herand kulturhistoriske senter, sesongen 2024. Satsar på ope som dei siste åra. Sommarjobb vert utlyst. Skilting/merking viktig!
- Orientering til styret etter møte med prosjektgruppa i Hardangertrappa.

Arbeidsutvalet i HB var på bakgrunn av saka under innkalla til eit møte 01.02.2024 med representantar for prosjektgruppa for Hardangertrappa (Reidun Haugen Dalseth, Arjen Stolk og Christian Tolås) for å drøfte innspelet frå bygdelaget. Prosjektgruppa for Hardangertrappa kallar inn til nytt møte 09.04 der kommunen deltek. Bygdelaget er med på møtet.

Kopi frå referat etter styremøte 12.12.2023, sak 2023/85:

*HB har fått eit innspel om den stadig aukande turismen i bygda. Det vert no gjort tiltak som vil føre til ytterleg auke i åra framover. Bør det gjerast nokre tiltak/lagast ein plan for å førebu Herand på ein auke i turismen dei kommande åra? Kor stor auke i turisme vil Hardangertrappa føre med seg? Kva bør vere klart mtp ymse infrastruktur som parkering/toalett/stiar/vegar/skilting mm rundt bygda? HB tek i fyrst omgang saka til prosjektgruppa for Hardangertrappa.*

**Årsmøtet til Herand bygdelag for 2023 vert søndag 07.04.24 kl. 16.00 på Herand kulturhus. Saker til møtet må meldast innan 24.03.24.**

**Neste styremøte tysdag 12.03.24 kl. 19.00 på Herand kulturhus.**